

FØREBYGGJANDE PLAN FOR TRYGT OG GODT SKULEMILJØ VED ØYSTESE SKULE



2024-2026



Oppdraget og ansvaret til skulen

I dagens [opplæringslov § 9A-3](#) andre ledd står det at skulen skal førebyggja brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeida kontinuerleg for å fremja helse, trivsel og læring hos elevane.

I tillegg har skulen ei generell plikt til å førebyggja trakassering og seksuell trakassering som følge av [likestillings- og diskrimineringsloven § 13 sjette ledd](#).

Skulen si plikt til å arbeida kontinuerleg for at elevane skal få eit trygt og godt skolemiljø vert vidareført i **ny opplæringslov som trer i kraft frå 01.08.2024**, med denne ordlyden:

Ny opplæringslov § 1-1

«Lova skal leggje til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø.»

Ny opplæringslov § 12-3:

Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

Andre ledd i §12-3 viser til at skulane heile tida skal arbeida for at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Målet skal vera å førebyggja at det oppstår situasjonar som fører til at elevane ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Det følgjer vidare at arbeidet skal omfatta både det fysiske og det psykososiale miljøet, at alt frå reinhald og vedlikehald av bygningsmasse og utstyr til det skulen gjer for å førebyggja, oppdaga og handtera krenkjande åtferd er omfatta av denne bestemminga.

I dette arbeidet skal skulen sørge for at elevmedverknad vert gjennomført (OppI. § 10-2). Dette vert gjort ved at involverte elevar blir høyrt og at barnets beste er eit grunnleggjande omsyn i arbeidet til skulen. Skulen må ta omsyn til barnets beste i alle vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta. Retten til medverknad skal vera reell.

Skulen har eit todelt dokumentasjonskrav i aktivitetsplikta

I merknadene til ny opplæringslov § 12-3 andre ledd vert det presisert at regelen om førebyggjande arbeid er meir enn at skulen oppfyller aktivitetsplikta etter §§ 12-4 og 12-5 og det fysiske miljøet etter § 12-7:

- 1) Skulen lagar ein skriftleg plan når det vert sett inn tiltak i ei konkret sak (aktivitetsplan)





- 2) På bakgrunn av opplæringslova § 12-3 andre ledd og kommuneloven § 25-1 (plikta til internkontroll) krev lova at kommunen systematisk må forsikra seg om at skulen følger lover og forskrifter. Det betyr at skulen også må arbeida systematisk med førebyggjande tiltak etter § 12-3 andre ledd. Både gjennom å utarbeida gode rutinar og interne retningslinjer, og følgja opp at rutinane vert etterlevd.

Skulen må derfor for å overhalda aktivitetsplikta arbeida systemretta for å sikra at alle barn har det trygt og godt på skulen. Skulens plikt til systemretta arbeid er forankra i Opplæringslova §§ 12-3 andre ledd og 12-4: «*Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.*»

Dette er den «todelte aktivitetsplikta» skulen har.

Plikta den enkelte har til å følgja med er del av det førebyggjande arbeidet som skulen har ansvar for. Det skal vera låg terskel for å bry seg med kva elevane driv med.

For å sikra at alle elevar har eit trygt og godt skolemiljø, har alle vaksne på skulen:

1. Plikt til å følgja med
2. Plikt til å gripa inn
3. Plikt til å varsla
4. Plikt til å setja inn eigna tiltak
5. Plikt til å dokumentera

Rutinar for aktivitetsplikta og internkontroll finn ein under §9A aktivitetsplikta i internsystemet vårt, Compilo.

Elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø

Førebyggjande plan for trygt og godt skolemiljø byggjer på den overordna planen til Kvam herad for arbeid med elevane sitt skolemiljø – kap. 12 i Opplæringslova: [Overordna plan for trygt og godt skolemiljø for grunnskulen i Kvam - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](#).

Planen skal sikra at skulen arbeider systematisk og kontinuerleg for å førebyggja og sikra at elevane har det trygt og godt på vår skule.

Mål for arbeidet med trygt og godt skolemiljø

Øystese skule skal driva eit aktivt, kontinuerleg og systematisk arbeid for å skapa eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

- Skulen har nulltoleranse for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.



- Alle elevane skal kjenna at dei høyrer til i fellesskapet og er trygge og ikkje opplever mobbing og anna krenkande åtferd.
- Negative hendingar vert effektivt oppdaga, registrert, meldt vidare og handtert i samsvar med §§ 12-3, 12-4 og 12-5

Førebyggjande plan for trygt og godt skolemiljø skal visa ei breidde og rettast mot skulegruppe- og individnivå:

Som ein del av skuledemokratiet og retten til å medverka, er det viktig at elevane sjølve får delta i arbeidet med gode tiltak for å sikra eit trygt og godt skolemiljø.

Førebyggjande plan for trygt og godt skolemiljø samspelar også med rutinar og planar i Kvam : Oppvekstplanen til Kvam, Førebyggjande plan for oppfølging av skulefråvær, BTI-rettleiar, plan for førebyggjande arbeid i Kvam, Plan for særskild språkopplæring, rammeplan for SFO.

Her finn de lenke til sentrale planar for skule og oppvekst:

[**Oppvekstplan for Kvam \(framsikt.net\)**](#)

[**Rettleiar – Kvam – BTI \(betreinnsats.no\)**](#)

[**Førebygging og oppfølging av \(framsikt.net\)**](#)

[**Plan for førebyggande arbeid i Kvam 2023- 2027 \(framsikt.net\)**](#)

[**Skulefritidsordninga i Kvam SFO-plan:**](#)

[**Rammeplan for SFO**](#)

[**Særskild språkopplæring**](#)



UNIVERSELLE OG SELEKTIVE TILTAK FOR AT ALLE ELEVAR SKAL HA DET TRYGT OG GODT PÅ ØYSTESE SKULE:

Tiltaket er	Aktiviteten er	Når skjer det	Kven har ansvaret	Oppfølging og evaluering
Nytta ordensreglane ved Øystese skule	Gjennomgang av ordensreglane, gjera kjent og vurdera innhaldet, framlegg til endringar: <ul style="list-style-type: none"> • For personalet • I klassane • Elevrådet kjem med innspel • FAU • SU-SMU (ved endring) 	Aug Aug Aug Aug Sept	Rektor Kont.I Rektor Rektor Rektor	
Plan for vakt og tilsyn i alle friminutt	Godt nærvær av vaksne på skulen sitt område. Vaktinstruks: Det er utarbeida ein inspeksjonsinstruks for heile skulen. Denne skal gjerast kjent for alle tilsette som har inspeksjon. Vaktplass: Det vert sett opp inspeksjonsplan. Denne må gjerast kjent for alle som går inspeksjon, og reviderast ved behov gjennom skuleåret.	I alle friminutt/før skulen August	Rektor	
Delte friminutt	Øystese skule har eigne friminutt for småtrinna og mellomtrinna. Slik vert det mindre press på leikeområda og meir oversiktleg for vakta.			
Trivselsleiarar	Inkluderande og TL-styrte aktivitetar i matfriminuttet tre dagar i veka for alle elevane.	Matfriminutta	TL-ansvarleg og rektor	
Miljørettleiarar på skulen	Har eit eige ansvar for overgangar og at sårbare elevar vert særleg sett og følgjt opp. Deltek ute i friminutta. Har eit utvida ansvar for å følgja med, gripa inn, undersøkja når ein er uroa for eit barn.	I friminutt og timer der det er behov.	Rektor og miljørettleia	
Autoritativ klasseleiing	Trygg, tydeleg og varm klasseleiing i alle timer på skulen. GOD START som metode. Dette gjer me: - Lærar møter presis til timen	I alle timer	Alle lærarane på skulen	





	<ul style="list-style-type: none">- Møte elevane i garderoben- Elevane helsar på læraren i døra- Plan for dagen/timen på tavla- Lik rutine for oppstart og avslutning av timen- Mål for timen og oppsummering- Elevane har faste plassar i klasserommet og i garderoben			
Undervisningsopplegg: Folkehelse og livsmeistring: nettvertt, mobbing og rus	Øystese skule har ein plan for folkehelse og livsmeistring. Kvart trinn har eigen plan.	Opplegg på alle trinn 1.-7. Aktivitetane ligg i årshjul	Rektor	Kvar vår
Inkluderande undervisning	<p>Øystese skule tek omsyn til at i alle klasserom er det elevar på ulike nivå som alle har krav på tilrettelagt undervisning.</p> <p>Variert ordinær undervisning som inkluderer elevar på ulike nivå i alle timar.</p> <p>Støttesystemet er aktivt:</p> <ul style="list-style-type: none">- Tidleg innsats/tiltak (intensiv opplæring) inn når eleven sporar av i lesing, skriving, rekning <p>Vurdering for læring</p> <p>Inkluderande spesialundervisning</p>	I alle timar	Alle lærarar Rektor	
Alle vaksne på skulen skal kjenna rutinane for å avdekka om eit barn ikkje har det trygt og godt.	Fast gjennomgang av rutinane våre 2 gonger i året for alle som jobbar på skulen, og elles når det oppstår ei uro. Dette er eit kontinuerleg arbeid	To gonger i året fast og elles når det oppstår uro for eit barn	Rektor Alle tilsette på skulen	August Januar
“Snakke med barn” “Trygg til handling”	Alle tilsette skal 2 gonger i året ha særleg fokus på å trena på “Snakke med barn” og “Trygg til handling” for å styrka kompetansen sin på å møta elevane på ein trygg og god måte.	Etter oppsett plan, to gonger i året.	Rektor	August Januar
Undersøking og oppfølging Både universell og selektiv kartlegging	Skulen nyttar BTI - rettleiar når ein er uroa for eit barn og startar på Nivå 0 – steg 1.	Når uroa oppstår Sjå Compilo	Lærar, rektor	





	Rutine i Compilo for kartlegging av psykososialt miljø på alle trinn <u>(Førebyggjande plan/ rutinar for undersøkingar kring elevane sitt klassemiljø og relasjonar - Compilo (ksx.no)</u>		Rektor/ avd.I	
	Elevundersøkinga: Gjennomføre elevundersøkinga på 5.-7. trinn. Analysere resultata på skule og klassenivå med personalet. Analysere resultata på skule og trinn, i rådsorgana. Laga plan for oppfølging. Aktivitetsplikta slår inn når ein er bekymra for om eit barn ikkje har det trygt og godt : <i>Plikt til å følgja med, Plikt til å gripa inn, Plikt til å varsla, Plikt til å setja inn eigna tiltak, Plikt til å dokumentera.</i> Me er godt kjent med og nyttar rutinane som ligg i Compilo.	November Jan Jan Febr Når ein er uroa eller vert varsla om at eit barn ikkje har det trygt og godt	Rektor Rektor	
Risikoanalyse sårbare elevar	- Systematisk arbeid i lagmøte – kven er dei sårbare elevane? - Kvar er dei sårbare områda? - Skulen nyttar eige ROS skjema som skal oppbevarast i sikkert Team: Skjema i compilo er «Risiko knytt til sårbare elevar»: Denne ROS-analysen heng saman med resultat etter kartlegging: <u>Skjerpa ansvar for sårbare elevar</u>	Når ein gjennomfører kartlegging	Rektor	
Klassereglar	Alle klassane er med å utforma eigne klassereglar. Elevmedverknad er viktig. Fast tema gjennom året korleis ein har det i klassen og kva som må til for at alle skal ha det bra. Fokus på klassereglane – klarar me å følgja dei opp?	I august Fast gjennom skuleåret	Kont.I Kont.I	
Fadderordning	Nye 1. klassingar har fadrar i 6. klassen . Ordninga vert etablert på vårskulen.	Mai	Avd.I	





Trivselstiltak på vår skule	Trivselsleiar (TL) BlimE-dans Just dance Venskapsveke Skidag Juleførestilling Fjelltur haust Elevkveld markering av advent FN/SN-markering Aktivitetsdag Fadderordning Juleverkstad Påskeaktivitetar Fotballkamp elevar-lærarar	Vår Okt-april Juni	Miljørettlei ar Rektor Avd.I Lærar	
Elevsamtalar	Alle kontaktlærarar gjennomfører elevsamtalar minimum to gonger i året (haust og vår) og elles etter behov. Elevane har høve til å førebu seg til samtalen. Kartleggingsskjema: Eleven sitt skolemiljø/ jf. Kap. 9A i Compilo.	Sept og mars	Kont.I	
Utviklingssamtalar	Utviklingssamtalar haust og vår. Kartleggingsskjema skolemiljø (vedlegg 3) vert nytta. Oppsummering av samtalane mellom kontaktlærar og avdelingsleiar om kva som har kome fram og om noko skal takast vidare.	Okt og mars Okt og mars	Kont.I Kont.I og avd.I	
Open og trygg kontakt mellom heim og skule	Øystese skule jobbar for god kontakt mellom heim og skule: - Viktig informasjon på vekeplan - Transponder, ei digital meldingsbok. Klasseforeldremøte 2 gonger i året, haust og vår. Skulen/Kvam herad har eigen plan med tema som skal opp i møta på dei ulike trinna.	Kontinuerleg Haust og vår	Kont.I Kont.I	
Kontakt med rådsorgana	Skulen ser til at:	Sept/okt	Rektor	





	<ul style="list-style-type: none">• Det vert kalla inn til møte i FAU, SU og SMU.• Rådsorgana møtest og konstituerer seg.			
Faste møte på skulen	<p>Desse møteplassane er viktig med tanke på informasjon om og arbeid med trygt og godt skolemiljø:</p> <p>Skulane i Kvam herad har eigen møteplan som alle skal følgja:</p> <ul style="list-style-type: none">• Avdelingsmøte• Lagmøte• Personalmøte/utviklingstid/rektor sin time• Leiarmøte på skulen• Samarbeidsmøte med tenester i Oppvekst (KFL)• Spesialpedagogisk team, støtteteam, BTI-team• Plangruppe• Møte mellom miljørettleiar og skuleleiing• Medråderettmøte• Møte mellom leiinga og SFO	Gjennom skuleåret etter eigen plan	Rektor/ avd.leiar	
Elevrådsmøte	Elevmedverknad gjennom faste elevrådsmøte og eiga forskrift for elevmedverknad. Trygt og godt skolemiljø skal vera tema i elevrådet, dei har rett til å uttala seg, og skulen skal lytta til dei.			

